

074/10: BUDSJETT 2011 MED AVGIFTSBUDSJETT. HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN

Tilråding frå formannskapet 25.11.10:

I. PREMISSAR FOR DRIFTSBUDSJETT/INVESTERINGSBUDSJETT/ AVGIFTSBUDSJETT 2011 OG HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2011 - 2014.

- Kommunestyret vedtek ansvarsområda sine nettorammer.
- Rådmannen har i løpet av året fullmakt til å omdisponera midlar innan ansvarsområda og til å føreta justeringar mellom ansvarsområda når dette er knytt til budsjett-tekniske endringar eller beløpa er knytt til mindre vesentlege endringar som ikkje er av prinsipiell karakter.
- Rådmannen har fullmakter til å føreta budsjettendringar knytt til tilleggsøyving løn (sentrale/lokale forhandlingar) og pensjonskostnadene innan heile driftsbudsjettet.

II SKATTLEGGINGA

a) I samsvar med Statsbudsjettet (2010/2011) vert den kommunale skattøren sett til høgaste sats på eige og inntekt.

b) Skatteøyret for eigedomsskatt i Fusa kommune vert fastsett til 7 o/oo. Det vert gjort unntak for ubebygde tomtar, naust, bustad- og fritidseigedommar som vert sett til 2 o/oo.

Det vert gjeve eit botnfrådrag for kvar sjølvstendig bustadeining eller fritidshus på 20 % av takstgrunnlaget.

Følgjande eigedommar får fritak frå eigedomsskatt med heimel § 7 :Samfunnshus, ungdomshus, grendahus, idrettsanlegg, Hålandsdalen Leirskole og Vinnes Friskule. Bygningar - som har historisk verdi - og som kommunestyret tidlegare har gitt fritak frå eigedomsskatt, får fritak frå eigedomsskatt i 2011. I tillegg vert høvet til å søkja om fritak heimla i § 7 kunngjort av administrasjonen. Eigedommar som tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad for 2011. Dersom det vert gitt fritak skal eigar informera Fusa kommune dersom drifta opphøyrer eller vert endra frå opprinneleg formål. Husvære til bustadformål kan få fritak frå eigedomsskatt i inntil 10 år eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Dette gjeld med verknad frå 1.1.2004. Fritaket vert gitt frå 1. januar året etter ferdigstilling av bygget. Føresetnad for fritak er at det er gitt midlertidig bruksløyve/ferdigattest.

III. RENTER AV FONDSMIDLAR

Renter av følgjande fondsmidlar vert teke til inntekt over driftsbudsjettet:
2.1020.202 - Ymse fondsverde.

IV. BUDSJETT FOR FUSA KOMMUNE 2011

a)

DRIFTSRAMMER 2011

Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

Løyving for 2011 vert kr 709.000,- inkludert mva.utgifter. (dvs. ei vidareføring av løyvde midlar for 2010 med prisjustering på kr 11.000,-)

DRIFTSRAMMER (NETTO) FOR DEI YMSE

Alle tal i heile 1000 kr.

Ansvarsområde	Nettorammer 2011
10 Folkevalde organ og revisjon	3 547
11 Sentraladministrasjonen	7 593
12 Fellestenesta og fellesutgifter	19 794
13 Felles skular og barnehagar	6 713
14 Byggjesak, oppmåling, brann	4 142
15 Kyrkjer m.m.	3 401
16 Kulturskulen	1 615
17 Kultur og idrett	2 125
18 Legetenesta	5 264
22 Fusa ungdomsskule	13 595
23 Nore Fusa skule	7 144
24 Jettegryto barnehage	4 598
25 Eikelandsosen skule	6 798
26 Holdhus oppvekstsenter	7 218
27 Søre Fusa oppvekstsenter	5 750
28 Strandvik oppvekstsenter	5 583
29 Fusa oppvekstsenter	8 696
32 Barn, familie og velferd	11 059
33 Heimetenester	27 916
34 Rehabilitering	4 859
35 Fusa bu og behandlingssenter	31 441
42 Teknisk drift	4 677
60 Landbruk	1 221
SUM NETTO ETATSRAMMER	194 749
Oversyn over inntektssida:	
Skatteanslag:	79 199
Eigedomsskatt	9 600
Rammetilskot	100 778
Skjønstilskot	5 700
Netto inntektsutjamning	2 587
Ref. momskompensasjon	12 000
Ref. kapitalutgifter	1 734
Sal av konsesjonskraft	500
Disposisjonsfond, bruk av	348
Frå lånevsetjingar, vatn/avlau	641
SUM INNTEKTER	213 087
Oversyn over utgiftssida:	
Avdrag (netto)	7 640
Renter (netto)	4 795
Premieavvik inkl. arb.g.avg.	2 179
Tilskot til invest.budsjett, momskompensasjon	3 724
SUM RENTE, AVDRAG, MVA OG	18 338
Nettorammer etatane	194 749
SUM INNTEKTER – RENTE/AVDRAG M.M.	194 749
BALANSE	0

Følgjande endringar – i høve til arbeidsnotat frå rådmannen – er innarbeidd i driftsrammene framfor:

Ansvarsområde 152 Fusa sokneråd pluss kr 200.000. Dekning bruk av driftsfond
Ansvarsområde 155 Fusa Frivilligsentral pluss kr 22.000. Dekning bruk av driftsfond
Ansvarsområde 16 Kulturskulen. Pluss kr 120.000 til ein ny 50% stilling frå 01.08.2011.
Dekning bruk av driftsfond.

Fusa kommune ber Fusa sokneråd om at det i 2011 vert utarbeidd økonomiplan som skal gjelde for kommunestyreperioden 2012-2015. Planen må omhandle drift og investeringsbehov. Planen skal rullast for kvar ny kommunestyreperiode. Målet må vera å ha ein forutsigbar diftssituasjon for både Fusa sokneråd og Fusa kommune."

b) KOMMUNALE BETALINGSSATSAR, AVGIFTER OG GEBYR 2011

Kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr vert vedteke, slik det framgår av vedlegga i rådmannen sitt notat og tillegg sendt ut/delt ut i møtet med følgjande endring:
Vassavgifta vert ikkje auka i 2011.

Fusa kommune vedtek følgjande investeringsprogram:

V. INVESTERINGSPROGRAM 2011 – 2014 (Heile 1000 kr)

Nr.	Prosjekt	2010	2011	2012	2013	2014
Sjølvsfinansierte tiltak						
1	Bygningsoppgradering - velferdsplanen jfr pkt 14b	1 500				
2	Hovudplan avløp	2 600	2 010	1 600	860	1 000
3	Hovudplan vatn	1 500	1 100	5 500	200	1 000
Tiltak for å effektivisera/ vidareføra drifta						
3a	Dagsentertilbod, jfr Ksak 22/10		1 750			
3b	Ferdiggjering uteområde, rømningsveg Søre Fusa		250			
4	Søre Fusa - ny snuplass bussar			300		
4a	Legetenesta - "helsenett"	200				
4b	Ferdiggjering/ oppgradering uteområde FBBS		100			
5	Pleie og omsorg - div. utstyr	400	400	400	400	400
6	Heimet. - ny sjukeheimsbil	500	750			
7	Trafikksikring vegar, kryss RV 552/Oppsalmarka	2 500	300	500	500	500
8	Opprusting vegar jfr. Hovudplan	750	200	1 500	1 500	1 500
9	Adresse og vegskilting - Hålandsdalen + Søre delen	100	450			
10	IKT - nytt øk.system - eff. heimet. og FBBS	1 350	4 250	1 000	600	700
10a	Elektronisk arkiv		300	200		-
11	Læremiddel og IKT, skule/barnehage	300	650	150	150	200
12	Kartlegging/geodata	180	100	100	100	
13	Leikeplassar - uteområde barnehagar	150	150	150	150	150
14	Oppvekstplanen - forprosjekt og tiltak, sjå unytta midl.	-		-	-	-
14b	Velferdsplanen - forprosjekt og tiltak, sjå unytta midl. p	250	-	-	-	-
15	Fusa ungdomsskule - universell utforming			1 000		
16	Nore Fusa oppveksenter - barnehage + skule	250	4 375	4 375		
17	Fusa skule, forprosjekt/strakstiltak					
18	Komm.bygg (prioritet av arb.plassar og arb.miljø)	1 500	3 000	1 000	1 000	1 000
19	Oppgradering Brakabygda 27		1 700			
19a	Musikkbinge		410			
20	Tiltak/oppgradering bygg/anlegg kyrkjesektor	400	400	400	400	400
21	Veghøvel - kantklipper					
Større investeringar og/eller eingongstiltak						
21a	Reidskapsberar/vedlikehaldsmaskin		1 650			
21b	Totalstasjon oppmåling		100			
21c	Innbinding av møtebøker			300		
22	Leiro, stadanalyse/reg.plan/ områdeplan	250	500	500		-
23	Forpr. adm.bygg, evt med "familiehus"/legekontor	250				
24	Fleirbrukshall/idrettshall	150				
24a	Rehabilitering symjehall		5 100	1 000		
25	Eikhovdaheimen	4 000	7 700			
26	Brannutstyr og vaktbil	220		320		2 000
Samla investering		19 300	37 695	20 295	5 860	8 850
Av dette eigenkapital, frå drift (momskompensasjon)		-430	-3 724	-1 320	-320	-800
Statens vegvesen, tilskot tiltak nr. 26						
Unytta lånemidlar - prosjekt nr. 23 og 25		-750		-		
Unytta lånemidlar - prosjekt nr. 1 og 14b			-1 750			
Unytta lånemidlar 2010 - prosjekt nr.25			-4 000			
Unytta lånemidlar IKT			-1 000			
Unytta lånemidlar - prosjekt 6			-500			
Unytta lånemidlar prosjekt 18			-750			
Unytta lånemidlar prosjekt 12			-430			
Unytta lånemidlar kto 291.00.032			-1 000			
Sal av gammal reidskapsberar			-100			
Tilskot til symjebasseng						-2 000
Tilskot til musikkbinge			-200			
Tilskot frå husbanken			-1 525			
Bundne fond, 2.5130.001						
Disposisjonsfond, 2.5695.001			-1 600			
Tilskot tettstadutvikling Leiro nr 22		-70				
Totalt låneopptak		18 050	21 116	18 975	5 540	6 050
Herav sjølvsfinansierte lån		5 600	3 110	7 100	1 060	2 000
Netto lån		12 450	18 006	11 875	4 480	4 050

Vedk. prosjekt 16.
Skal byggjast barnehage med inntil 60 plassar.

VI. ØKONOMIPLAN 2011 – 2014 (Heile 1000 kr)

Økonomiplan vert endra i samsvar med framfornemde slik at følgjande økonomiplan vert vedteken:

ØKONOMIPLAN 2011 - 2014				
Årstal	2011	2012	2013	2014
Rammetilskot	100 778	101 346	101 346	101 346
Skjønstilskot	5 700	5 700	5 700	5 700
Skattar, forskotspliktige	79 199	79 199	79 199	79 199
Netto inntektsutjamning	2 587	2 587	2 587	2 587
Eigedomsskatt	9 600	9 600	9 600	9 600
Momskompensasjon	12 000	7 200	5 400	5 800
Refusjon stat for kapitalutg.	1 734	1 713	1 685	1 670
Sal av konsesjonskraft	500	500	500	500
Sum	212 098	207 845	206 017	206 402
Avdrag, netto	7 640	8 145	8 020	7 935
Renter, netto	4 795	5 405	5 845	5 700
Sum avdr./renter	12 435	13 550	13 865	13 635
Premieavik inkl arb.gj.avg	2 179	0	0	0
Frå låneavsetjingar	641	0	0	0
Tilskot til invest.budsjett,mva	3 724	1 320	320	800
Netto driftsrammer	194 401	192 975	191 832	191 967
Disposisjonsfond	348	0	0	0
Eksist.driftsrammer	194 749	194 039	194 039	194 039
Differanse	0	-1 064	-2 207	-2 072

(Alle tal i heile 1000 kr – tal for heile perioden er ”2011-kroner”)

For nye lån er rekna:

- 4 % avdrag av årleg netto lånegjeld
- Rente 4 % på nye lån

Serielån med like avdrag kvart år

15.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

SKRIV AV 03.12.10 FRÅ BYGDAHEIMEN V/ARNE HOLMEFJORD, OM GODKJENNING FRÅ KOMMUNEOVERLEGEN FOR LOKALA TIL HOLMEFJORD BARNEHAGE, VART DELT UT.

PÅ VEGNE AV AP, KRF, SP, SV OG V FREMJA ORDFØRAR HANS S. VINDENES (SP)

FØLGJANDE FELLESFORSLAG:

PKT IV VEDK. DRIFTSBUDSJETT:

Som framlegget frå formannskapet med følgjande endringar	
Ansvarsområde 10, Omdømebygging/profilering 400.000	Dekkes av disposisjonsfond
Ansvarsområde 15, pluss 108.000	Dekkes av disposisjonsfond
Ansvarsområde 16, Ny 70% stilling frå 1.8.2011 46.000	Dekkes av disposisjonsfond*
Ansvarsområde 17, Kultur, idrett og Friluftsliv 40% stilling auke 175.000	Dekkes av disposisjonsfond
Ansvarsområde 17, refusjon kommunalt tilskot anlegg pluss 150.000	Dekkes av disposisjonsfond
Ansvarsområde 35, Aktivitør 100% stilling auke 200.000,	**

* Auke formannskapet si innstilling frå 50% til 70% stilling.

** Auka formannskapet si innstilling frå 50% til 100% stilling. Aktivitøren skal også brukast andre stader enn kun på FBBS. Dekkes primært av ekstra løyving på 960.000,-, eventuelt av disposisjonsfond

b) Kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr vert vedteke, slik det framgår av vedlegga i rådmannen sitt notat og tillegg sendt ut/delt ut i møtet med følgjande endring:

Vassavgifta vert ikkje auka i 2011.

Tilkoplingsgebyret vert sett ned til same sum som tilkoplingsgebyr for kloakk (kr 13.510,- pluss mva) slik det framgår av rådmannen sitt notat.

Forfallstidspunkt:

Frå og med avrekning for 2010 vert forbruksgebyr for alle som har vassmålar avrekna i KomTek etterskotsvis på første termin påfylgjande år.

Forfallstidspunkt vert endra slik at **forbruksgebyr for alle abonnentane for vatn og avlaup forfell til betaling 25.2. og abonnementsgebyr forfell til betaling 25.9. kvart år.**

V. INVESTERINGSPROGRAM 2011 – 2014 (Heile 1000 kr) m/tilhøyrande økonomiplan

Fusa kommune vedtek følgjande investeringsprogram: Investeringsprogram 2011 – 2014 slik det framgår av vedlegga i rådmannen sitt notat og formannskapet si tilråding med følgjande endringar:

Som framlegg frå formannskapet med følgjande endringar.

- Tiltak 7 Trafikksikring vegar, kross Fv552/Opsalmarka: Auke med 800 til 1.100 i 2011
- Tiltak 8 Opprusting vegar: Auke med 300 i 2011 til 500
- Tiltak 19a Musikkbinge: Ny sum i 2012 410
- Tiltak 24 Fleirbrukshall: 10 000 i 2012, 15 000 i 2013 og 15 000 i 2013
- Tiltak 24b Turstiar: 150 i 2011 (nytt tiltak)
- Tiltak 25 Fusa kyrkje: 300 i 2011 (nytt tiltak)
- Tiltak 19 Oppgradering av Brakabygda 27 utgår.

Dekning

Tiltak 7, 8, 24b og 25 dekkas av tiltak 19 som utgår.

Tiltak 24 dekkas av tilskot, tippemidlar, mva kompensasjon og lån.

Tekst til investeringsbudsjettet.

Fusa kommune skal i 2011 gå gjennom og vurdera den kommunale bygningsmassen. Naudsynte vedlikehaldsplanar må utarbeidast og rullerast. Planane skal gje grunnlag for å fastsetja vedlikehaldsbehovet og tilhørtande kostnader for kvart bygg. Universell utforming skal takast med som ein føresetnad i samband med utarbeiding av langsiktige vedlikehaldsplanar. Som konsekvens av planarbeidet skal det i 2011 leggjast fram politisk sak

PÅ VEGNE AV Høgre og FRP FREMJA MAGNE DJUVIK FØLGJANDE FORSLAG:

Som mindretalet i formannskapet med følgande endring:

Post 25 i investeringsbudsjettet vert sett til 7,7 mill i 2011.

PÅ VEGNE AV AP OG KRF FREMJA ATLE KVÅLE (AP) FØLGJANDE FORSLAG:

Som framlegget frå Hans S. Vindenes, Sp, med følgjande endring i investeringsprogramet:

Til prosjekt 16 vert det løyvd kr 9 mill totalt.

Til prosjekt 18 vert det løyvd 4 mill totalt.

Røysting:

Anne Martinsen fremja forslag om at Arne Holmfjord, formann i Bygdaheimen, var inhabil i saka.

Framlegget fall mot 3 røyster. (3 Krf)

Pkt I, II og III i tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Pkt IV vedk. driftsbudsjett:

A Vedk. driftsrammer 2011

Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster.

Framlegget frå Magne Djuvik (Frp) fall mot 8 røyster. (6 Frp, 2 H)

Fellesframlegget frå Hans S. Vindenes (Sp) vart vedteke med 17 røyster. (4 Ap, 3 Krf, 8 Sp, 1 SV, 1 V)

b) Vedk. avgiftsbudsjett 2011

Fellesframlegget frå Hans S. Vindenes (Sp) vart samøystes vedteke.

V. Investeringsprogram 2011 – 2014 m/tilhøyrande økonomiplan.

Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster.

Framlegget frå Magne Djuvik fekk 8 røyster. (6 Frp, 2 H)

Framlegget frå Atle Kvåle fekk 8 røyster. (4 Ap, 3 Krf, 1 V)

Framlegget frå Hans S. Vindenes fekk 9 røyster. (8 Sp, 1 SV)

Det vart så røysta subsidiært:

V. Investeringsprogram 2011 – 2014 m/tilhøyrande økonomiplan.

Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster.

Framlegget frå Magne Djuvik fekk 8 røyster. (6 Frp, 2 H)

Framlegget frå Atle Kvåle fekk 8 røyster. (4 Ap, 3 Krf, 1 V)

Framlegget frå Hans S. Vindenes vart vedteke med 17 røyster. (6 Frp, 2 H, 8 Sp, 1 SV)

Samla budsjett med dei endringar som er vedteke over vart tatt opp til røysting.

Med 17 røyster vart samla budsjettframlegg med fleirtalstilrådingane vedteke. 8 røysta for samla budsjett med mindretalstilrådingane fremja av Frp og Høgre (6 Frp, 2 H)

Investeringsprogram og økonomiplan vert endra i samsvar med ovanemnde.

KOM-074/10 VEDTAK:

I. PREMISSAR FOR DRIFTSBUDSJETT/INVESTERINGSBUDSJETT/ AVGIFTSBUDSJETT 2011 OG HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2011 - 2014.

- Kommunestyret vedtek ansvarsområda sine nettorammer.
- Rådmannen har i løpet av året fullmakt til å omdisponera midlar innan ansvarsområda og til å føreta justeringar mellom ansvarsområda når dette er knytt til budsjett-tekniske endringar eller beløpa er knytt til mindre vesentlege endringar som ikkje er av prinsipiell karakter.
- Rådmannen har fullmakter til å føreta budsjettendringar knytt til tilleggsføring løn (sentrale/lokale forhandlingar) og pensjonskostnadene innan heile driftsbudsjettet.

II SKATTELEGGINGA

a) I samsvar med Statsbudsjettet (2010/2011) vert den kommunale skattøren sett til høgaste sats på eige og inntekt.

b) Skatteøyret for eigedomsskatt i Fusa kommune vert fastsett til 7 o/oo. Det vert gjort unntak for ubebygde tomtar, naust, bustad- og fritidseigedommar som vert sett til 2 o/oo.

Det vert gjeve eit botnfrådrag for kvar sjølvstendig bustadeining eller fritidshus på 20 % av takstgrunnlaget.

Følgjande eigedommar får fritak frå eigedomsskatt med heimel § 7 :Samfunnshus, ungdomshus, grendahus, idrettsanlegg, Hålandsdalen Leirskole og Vinnes Friskule. Bygningar - som har historisk verdi - og som kommunestyret tidlegare har gitt fritak frå eigedomsskatt, får fritak frå eigedomsskatt i 2011. I tillegg vert høvet til å søkja om fritak heimla i § 7 kunngjort av administrasjonen. Eigedommar som tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad for 2011. Dersom det vert gitt fritak skal eigar informera Fusa kommune dersom drifta opphøyrer eller vert endra frå opprinneleg formål. Husvære til bustadformål kan få fritak frå eigedomsskatt i inntil 10 år eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Dette gjeld med verknad frå 1.1.2004. Fritaket vert gitt frå 1. januar året etter ferdigstilling av bygget. Føresetnad for fritak er at det er gitt midlertidig bruksløyve/ferdigattest.

III. RENTER AV FONDSMIDLAR

Renter av følgjande fondsmidlar vert teke til inntekt over driftsbudsjettet:
2.1020.203 - Ymse fondsverde.

IV. BUDSJETT FOR FUSA KOMMUNE 2011

a)

DRIFTSRAMMER 2011

Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

Løyving for 2011 vert kr 709.000,- inkludert mva.utgifter. (dvs. ei vidareføring av løyvde midlar for 2010 med prisjustering på kr 11.000,-)

Som budsjettnotatet frå rådmannen med endringar slik at det vert følgjande driftsrammer:

DRIFTSRAMMER (NETTO) FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA

Alle tal i heile 1000 kr.

Ansvarsområde	Nettorammer 2010
10 Folkevalde organ og revisjon	3 947
11 Sentraladministrasjonen	7 593
12 Administrasjonslokale og fellesutgifter	19 794
13 Felles skular og barnehagar	6 713
14 Byggjesak, oppmåling, brann	4 142
15 Kyrkjer m.m.	3 509
16 Kulturskulen	1 661
17 Kultur, idrett og friluftsliv	2 450
18 Legetenesta	5 264
22 Fusa ungdomsskule	13 595
23 Nore Fusa skule	7 144
24 Jettegryto barnehage	4 598
25 Eikelandsosen skule	6 798
26 Holdhus oppvekstsenter	7 218
27 Søre Fusa oppvekstsenter	5 750
28 Strandvik oppvekstsenter	5 583
29 Fusa oppvekstsenter	8 696
32 Barn, familie og velferd	11 059
33 Heimetenester	27 916
34 Rehabilitering	4 859
35 Fusa bu og behandlingssenter	31 641
42 Teknisk drift	4 677
60 Landbruk	1 221
SUM NETTO ETATSRAMMER	195 828
Oversyn over inntektssida:	
Skatteanslag:	79 199
Eigedomsskatt	9 600
Rammetilskot	100 778
Skjønstilskot	5 700
Netto inntektsutvikling	2 587
Ref. momskompensasjon	11 800
Ref. kapitalutgifter	1 734
Sal av konsesjonskraft	500
Disposisjonsfond, bruk av	1 672
Frå låneavsetjingar, vatn/avløp	641
SUM INNTEKTER	214 211
Oversyn over utgiftssida:	
Avdrag (netto)	7 755
Renter (netto)	4 805
Premieavvik inkl. arb. g. avgift	2 179
Tilskot til invest.budsjett, momskompensasjon	3 644
SUM RENTE, AVDRAG, MVA OG INVEST.TILSKOT	18 383
Nettorammer etatane	195 828
SUM INNTEKTER – RENTE/AVDRAG M.M.	195 828
BALANSE	0,00

Følgjande endringar – i høve til arbeidsnotat frå rådmannen – er innarbeidd i driftsrammene framfor:

Ansvarsområde 10, Omdømebygging/profilering 400.000	Dekkes av disposisjonsfond
Ansvarsområde 15, Pluss 308.000	Dekkes av disposisjonsfond
Ansvarsområde 155 Fusa Frivilligsentral pluss kr 22.000.	Dekning bruk av driftsfond
Ansvarsområde 16, Ny 70% stilling frå 1.8.2011 kr 166.000	Dekkes av disposisjonsfond
Ansvarsområde 17, Kultur, idrett og Friluftsliv 40% stilling auke 175.000	Dekkes av disposisjonsfond
Ansvarsområde 17, Refusjon kommunalt tilskot anlegg pluss 150.000	Dekkes av disposisjonsfond
Ansvarsområde 35, Aktivitør 50% stilling auke 200.000,	*

* Aktivitøren skal også brukast andre stader enn kun på FBBS. Dekkes primært av ekstra løyving på 960.000,-, eventuelt av disposisjonsfond

Vidare har kommunestyret vedteke følgjande:

Fusa kommune ber Fusa sokneråd om at det i 2011 vert utarbeidd økonomiplan som skal gjelde for kommunestyreperioden 2012-2015. Planen må omhandle drift og investeringsbehov. Planen skal rullast for kvar ny kommunestyreperiode. Målet må vera å ha ein forutsigbar diftssituasjon for både Fusa sokneråd og Fusa kommune."

B) KOMMUNALE BETALINGSSATSAR, AVGIFTER OG GEBYR 2011

Kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr vert vedteke, slik det framgår av vedlegga i rådmannen sitt notat og tillegg sendt ut/delt ut i møtet med følgjande endring:

Vassavgifta vert ikkje auka i 2011.

Tilkoplingsgebyret vert sett ned til same sum som tilkoplingsgebyr for kloakk (kr 13.510,- pluss mva) slik det framgår av rådmannen sitt notat.

Forfallstidspunkt:

Frå og med avrekning for 2010 vert forbruksgebyr for alle som har vassmålar avrekna i KomTek etterskotsvis på første termin påfølgjande år.

Forfallstidspunkt vert endra slik at **forbruksgebyr for alle abonnentane for vatn og avlaup forfell til betaling 25.2. og abonnementsgebyr forfell til betaling 25.9. kvart år.**

Fusa kommune vedtek følgjande investeringsprogram med inndekning som framgår nedanfor:

V. INVESTERINGSPROGRAM 2011 – 2014 (Heile 1000 kr)

Nr.	Prosjekt	2010	2011	2012	2013	2014
Sjølvfinansierte tiltak						
1	Bygningsoppgradering - velferdsplanen jfr pkt 14b	1 500				
2	Hovudplan avløp	2 600	2 010	1 600	860	1 000
3	Hovudplan vatn	1 500	1 100	5 500	200	1 000
Tiltak for å effektivsera/vidareføra drifta						
3a	Dagsentertilbod, jfr Ksak 22/10		1 750			
3b	Ferdiggjering uteområde, rømningsveg Søre Fusa		250			
4	Søre Fusa - ny snuplass bussar			300		
4a	Legetenesta - "helsenett"	200				
4b	Ferdiggjering/ oppgradering uteområde FBBS		100			
5	Pleie og omsorg - div. utstyr	400	400	400	400	400
6	Heimet. - ny sjukeheimsbil	500	750			
7	Trafikksikring vegar, kryss RV 552/Oppsalmarka	2 500	1 100	500	500	500
8	Opprusting vegar jfr. Hovudplan	750	500	1 500	1 500	1 500
9	Adresse og vegskilting - Hålandsdalen + Søre delen	100	450			
10	IKT - nytt øk.system - eff. heimet. og FBBS	1 350	4 250	1 000	600	700
10b	Etablering av elektronisk arkiv		300	200		-
11	Læremiddel og IKT, skule/barnehage	300	650	150	150	200
12	Kartlegging/geodata	180	100	100	100	
13	Leikeplassar - uteområde barnehagar	150	150	150	150	150
14	Oppvekstplanen - forprosjekt og tiltak, sjå unytta midl. pkt 25	-		-	-	
14b	Velferdsplanen - forprosjekt og tiltak, sjå unytta midl. pkt 25	250	-	-	-	
15	Fusa ungdomsskule - universell utforming			1 000		
16	Nore Fusa oppveksenter - barnehage + skule	250	4 375	4 375		
17	Fusa skule, forprosjekt/strakstiltak					
18	Komm.bygg (prioritet av arb.plassar og arb.miljø)	1 500	3 000	1 000	1 000	1 000
19	Oppgradering Brakabygda 27					
19b	Musikkbinge		410	410		
20	Tiltak/oppgradering bygg/anlegg kyrkjesektor	400	400	400	400	400
21	Veghøvel - kantklipper					
Større investeringar og/eller eingongstiltak						
21a	Reidskapsberar/vedlikehaldsmaskin		1 650			
21b	Totalstasjon oppmåling		100			
21c	Innbinding av møtebøker			300		
22	Leiro, stadanalyse/reg.plan/ områdeplan	250	500	500		-
23	Forprosjekt Adm.bygg - evt med "familiehus", legekantor mv.	250				
24	Fleirbrukshall/idrettshall	150		10 000	15 000	15 000
24a	Rehabilitering symjehall		5 100	1 000		
24b	Turstiar		150			
25	Eikhovdaheimen	4 000	7 700			
25a	Kyrkjejubileum		300			
26	Brannutstyr og vaktbil	220		320		2 000
Samla investering		19 300	37 545	30 705	20 860	23 850

Nr.	Prosjekt	2010	2011	2012	2013	2014
	Av dette egenkapital, frå drift (momskompensasjon)	-430	-3 644	-3 320	-3 320	-3 800
	Statens vegvesen, tilskot tiltak nr. 26					
	Unyttta lånemidlar - prosjekt nr. 23 og 25	-750		-		
	Unyttta lånemidlar - prosjekt nr. 1 og 14b		-1 750			
	Unyttta lånemidlar 2010 - prosjekt nr.25		-4 000			
	Unyttta lånemidlar IKT		-1 000			
	Unyttta lånemidlar - prosjekt 6		-500			
	Unyttta lånemidlar - prosjekt nr.18		-750			
	Unyttta lånemidlar - prosjekt nr.12		-430			
	Unyttta lånemidlar - 2.9100.032		-1 000			
	Sal av gammal reiskapsberar		-100			
	Tilskot til musikkbinge		-200			
	Statstilskot svømmehall				0	-2 000
	Tilskot frå husbanken		-1 525			
	Bundne fond, 2.5130.001					
	Disposisjonsfond, 2.5695.001		-1 600			
	Tilskot tettstadutvikling Leiro nr 22	-70				
	Totalt låneopptak	18 050	21 046	27 385	17 540	18 050
	Herav sjølvfinansierte lån	5 600	3 110	7 100	1 060	2 000
	Netto lån	12 450	17 936	20 285	16 480	16 050

Følgjande endringar – i høve til arbeidsnotat frå rådmannen – er innarbeidd i ovanemnde oppsett:

Tiltak 7 Trafikksikring vegar, kyss Fv552/Opsalmarka: Auke med 900 til 1.100 i 2011

Tiltak 8 Opprusting vegar: Auke med 300 i 2011 til 500

Tiltak nr 16. Nore Fusa oppvekstsenter. Strakstiltak på skule pluss ny barnehage. Målsetning strakstiltak ferdig til skulestart 2011. Ny barnehage ferdig til oppstart haust 2012. Sum totalt inkl. tidlegare løyde midlar kr 11 mill. Barnehage skal byggjast med plass til inntil 60 plasser.

Tiltak nr 18. Kom.bygg (prioritert av arb.plassar og arb.mil.). Pluss 1500 i 2011 til 3000. Reduserer til 1000 i 2012, 2013 og 2014

Tiltak 19a Musikkbinge: Ny sum i 2012 410

Tiltak 24 Fleirbrukshall: 10 000 i 2012, 15 000 i 2013 og 15 000 i 2013

Tiltak 24b Turstiar: 150 i 2011 (nytt tiltak)

Tiltak 25 Eikhovdaheimen. 7700 i 2011.

Tiltak 25 a Fusa kyrkje: 300 i 2011 (nytt tiltak)

Tiltak 19 Oppgradering av Brakabygda 27 utgår.

Dekning

Tiltak 7, 8, 24b og 25 dekkes av tiltak 19 som utgår.

Tiltak 24 dekkes av tilskot, tippemidlar, mva kompensasjon og lån.

Fusa kommune skal i 2011 gå gjennom og vurdere den kommunale bygningsmassen. Naudsynte vedlikehaldsplanar må utarbeidast og rullerast. Planane skal gje grunnlag for å fastsetja vedlikehaldsbehovet og tilhørtande kostnader for kvart bygg. Universell utforming skal takast med som ein føresetnad i samband med utarbeiding av langsiktige vedlikehaldsplanar. Som konsekvens av planarbeidet skal det i 2011 leggjast fram politisk sak

VI. ØKONOMIPLAN 2011 – 2014 (Heile 1000 kr)

Økonomiplan vert endra i samsvar med ovanemnde slik at følgjande økonomiplan vert vedteken:

	ØKONOMIPLAN 2011 - 2014			
Årstal	2011	2012	2013	2014
Rammetilskot	100778	101346	101346	101346
Skjønstilskot	5700	5700	5700	5700
Skattar, forskotspliktige	79199	79199	79199	79199
Netto inntektsutjamning	2587	2587	2587	2587
Eigedomsskatt	9600	9600	9600	9600
Momskompensasjon	11 800	9 200	8 400	8 800
Refusjon stat for kapitalutg.	1734	1713	1685	1670
Sal av konsesjonskraft	500	500	500	500
Sum	211898	209845	209017	209402
Avdrag, netto	7755	8505	8830	9170
Renter, netto	4805	5545	6240	6550
Sum avdr./renter	12560	14050	15070	15720
Premieavvik inkl arb.gj.avg	2179	0	0	0
Frå låneavsetjingar	641			
Tilskot til invest.budsjett,mva	3 644	3 320	3 320	3 800
Netto driftsrammer	194 156	192 475	190 627	189 882
Disposisjonsfond	1672			
Eksist.driftsrammer	195 828	195 118	195 118	195 118
Differanse	0	-2643	-4491	-5236

(Alle tal i heile 1000 kr – tal for heile perioden er ”2011-kroner”)

For nye lån er rekna:

- 4 % avdrag av årleg netto lånegjeld
- Rente 4 % på nye lån

Serielån med like avdrag kvart år